

Tove Mogstad

Høgmoen 7

6655 Vindøla

NVE – Konesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

HØRING VINDØLA KRAFTVERK

Dykkar ref.: NVE 201205386-4 kv/genn

Eg bor i eit av dei to boligfelt som har vassforsyning frå kommunalt basseng i Vindøla, nedstrøms den planlagte kraftstasjonen. Slik vassforsyninga er pr. i dag er det i tørre og/eller kalde periodar vanskar med å få til eit tilstrekkeleg tilsig til å forsyne dei husstandane som et tilknytt denne vasskjelda. Høgmoen og Holtamoan boligfelt har pr. i dag ca 20 husstandar og det er planlagt å byggje fleire bustader.

Eg ber om at vass-situasjonen blir ihensynteke ved ei eventuell utbygging av kraftstasjon i Vindøla.

Det er søkt om midlar for å ta vare på den gamle demninga ved Vindølstoen som i tillegg til å vere eit verdifullt kulturminne og er med og opprettheld vannstanden ved vassverket.

Eit anna moment eg ber om at blir ihensynteke er forholda som blir berørt ved inngangen til Vindøldalen. Det er lite forenleg med eit kraftanlegg synleg i terrenget med den betydelege satsinga på hytteturisme og anna turisme. Tronskarstoen er ein av dei høgaste fossane i kommunen og er eit potensielt verdifullt turistmål, og den må bli teke vare på for ettertida.

Vindøla, 30.04.13

Tove Mogstad